

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 07.06.22

Stad: Fjordsenteret

Sak 19/22. Opplegg for reinsjakta 2022 - samjaktavtalar, ordninga med dagskort, jaktlag og bruken av fellingsløyva på Broksfjell.

### Saksopplysning:

#### Samjaktavtalar:

Med samjaktavtalar meiner ein fyrst og fremst avtalen mellom fjellstyra og private jaktfelt i sone 2 Nordfjella villreinområde. Med så låge kvotar som det er i Nordfjella villreinområde har det fungert godt med gode samjaktavtalar mellom kommunane, det er lite jegrar i fjellet.

Me har og hatt samjaktavtalar på Broksfjell både mot Ulvik og nordover mor Raudafjell, men me ser ikkje på desse som så viktige no når kvotane er så store på Hardangervidda.

#### Dagskort:

Ordninga med salg av dagskort på villreinjakt har Aurland fjellstyre hatt i nokre år no. I fjor var det 23 søkjarar på lista og året før 19. Ordninga gjer att fleire som ikkje får fellingsløyve på ordinær trekking har sjansen til å koma seg på reinsjakt.

#### Jaktlag:

Aurland fjellstyre fekk i fjor dispensasjon frå bestemminga om jaktlag i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske. Det gjer at ein kan halda fram med å laga jaktlag med inntil 5 jegrar viss det er 2 eller fleire fellingsløyve i jaktlaget og inntil 3 jegrar kan gå på same fellingsløyvet. Så må ikkje den som har fått løyvet vera med i fjellet, men andre på jaktlaget kan ta det med seg.

#### Bruken av fellingsløyve Broksfjell:

Heile valdet på Broksfjell HA 28 får tildelt over 30 fellingsløyve for jakta 2022. Eg har vore i kontakt med dei andre jaktfelte og me har vorte samde om å føreslå å berre tildela halvparten av kvoten. Fordi det er altfor mange løyve på eit så lite område, med så lite dyr. For Aurland fjellstyre betyr dette att ein truleg får 4 løyve på Broksfjell i år, i fjor fekk me 8.

### Vurdering:

#### Samjaktavtalar:

Samjaktavtalen mellom fjellstyra og private jaktfelt i sone 2 Nordfjella villreinområde. Med så låge kvotar som det er i Nordfjella villreinområde har det fungert godt med gode samjaktavtalar mellom kommunane, det er lite jegrar i fjellet. I fjor byrja avtalen mandag 30. august og varte alle dagar ut jakta til 20. september. I år er det naturleg å velje mandag 29. august som startdato på denne avtalen.

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 07.06.22

Stad: Fjordsenteret

Sak 19/22, side 2.

Dei avtalane me av og til har hatt mellom Broksfjell HA 28 og Ulvik Hardangervidda villreinområde og Broksfjell HA 28 og Raudafjell villreinområde ser me ikkje nokon grunn til å gå inn for i år. Kvotane på Hardangervidda er så store at det er nok løyve til å ta ut dei dyra som er nødvendig.

### Dagskort:

Ordninga med salg av dagskort på villreinjakt har Aurland fjellstyre hatt i nokre år no. Den gjer at fleire som ikkje får fellingsløyve på ordinær trekking har sjansen til å koma seg på reinsjakt. I fjor vart det sett av eit fridyrsløyve til ordninga og jeger fekk berre ha løyvet med seg ein dag, så var det ein dag utan att løyvet var med til fjells, før neste på lista fekk tilbodet. Slik fortset ein til fellingsløyvet er skore. Prisen vart sett til 500.- kr dagen + prisen på fellingsløyve ved felling.

### Jaktlag:

Me har dispensasjonen frå forskrifta om jakt, felling, fangst og fiske når det gjeld jaktlag på statsalmenning for 2022. Det betyr at den som har fått fellingsløyve ikkje må vera ned i fjellet på jakt. Eit fellingsløyve skrive ut på statsalmenning er i forskrifta personleg og kan ikkje overdragast til andre utan godkjenning frå fjellstyret. Her er teksten på jaktlagskontrakten som me har nytta sidan 2017:

*Medlemene i jaktlaget kan nytta korta til kvarandre. På grunn av den spesielle situasjonen med skrantesjuka i Nordfjella, lempar Aurland fjellstyre på restriksjonane på jaktlag og overdraging av fellingsløyve.*

*Aurland fjellstyre tillet at jegrar som har fått fellingstillatelse på villrein kan organisera seg i jaktlag på inntil 5 personar. Aurland fjellstyre tillet og at inntil 3 jegrerar organisere seg i jaktlag når minst ein av jegrane har fått fellingsløyve.*

*Fellingsløyva skal berast med i fjellet av den som er ansvarleg den dagen.*

*Det er og høve til å overdra fellingsløyve vederlagsfritt direkte frå jeger til jeger etter godkjenning av fjellstyret. Kvar einskild fjellstyremedlem og oppsynet til fjellstyre får fullmakt til å godkjenna slik overdraging.*

Viss Aurland fjellstyre vil fortsetja med denne fleksible ordninga, så må me senda ny søknad om dispensasjon til neste år.

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 07.06.22

Stad: Fjordsenteret

*Sak 19/22, side 3.*

### Bruken av fellingsløyva på Broksfjell:

Broksfjell HA 28 får tildelt over 30 fellingsløyve for jakta 2022, dette skal fordelast på 4 jaktfelt og Statsalmenningen får truleg 8 løyver. Eg har vore i kontakt med dei andre grunneigarane og me har vorte samde om å føreslå å berre tildela halvparten av kvoten. Fordi det er altfor mange løyve på eit så lite område, med så lite dyr. Viss Aurland fjellstyre og går inn for dette betyr det att me truleg får 4 løyve på Broksfjell i år.

### **Framlegg til vedtak:**

#### Samjaktavtalar:

Aurland fjellstyre går inn for å vidareføra samjaktavtalen mellom fjellstyra og private jaktfelt i sone 2 Nordfjella villreinområde, med mandag 29. august som startdato.

#### Dagskort:

Aurland fjellstyre går inn for å vidareføra ordninga med dagskort på villreinjakt og set av eit fridyrløyve til ordninga. Ordninga skal lysast ut på heimesida til fjellstyret med søknadsfrist 1.juli, trekninga blir føreteke administrativt på fjellstyrekontoret. Prisen er 500.- kr pr. dag + prisen på fellingsløyvet ved felling.

#### Jaktlag:

Aurland fjellstyre går inn for å vidareføra den fleksible ordninga med med jaktlag på statsalmenningen som me har nytta dei siste åra, med denne teksten:

*Medlemene i jaktlaget kan nytta korta til kvarandre. På grunn av den spesielle situasjonen med skrantesjuka i Nordfjella, lempar Aurland fjellstyre på restriksjonane på jaktlag og overdraging av fellingsløyve.*

*Aurland fjellstyre tillet at jegrar som har fått fellingstillatelse på villrein kan organisera seg i jaktlag på inntil 5 personar. Aurland fjellstyre tillet og at inntil 3 jegerar organisere seg i jaktlag når minst ein av jegrane har fått fellingsløyve.*

*Fellingsløyva skal berast med i fjellet av den som er ansvarleg den dagen.*

*Det er og høve til å overdra fellingsløyve vederlagsfritt direkte frå jeger til jeger etter godkjenning av fjellstyret. Kvar einskild fjellstyremedlem og oppsynet til fjellstyre får fullmakt til å godkjenna slik overdraging.*

Aurland fjellstyre går og inn for att ein søker Miljødirektoratet om ny dispensasjon frå forskrift om jakt, felling, fangst og fiske til neste år.

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 7.6.22

Stad: Fjordsenteret

---

*Sak 19/22, side 4.*

Bruken av fellingsløyva på Broksfjell:


Aurland fjellstyre går inn for å halda igjen halvparten av fellingsløyva på Broksfjell HA 28, med atterhald om att dei andre jaktfelta gjer det same.

Vedlegg:

- Samjaktavtale mellom fjellstyra og private jaktfelt i sone 2 Nordfjella villreinområde 2021.
- Jaktlagskontrakt Aurland statsalmenning.
- Dispensasjon frå bestemminga om jaktlag frå Miljødirektoratet.

Aurland 3. juni 2022

Håkon Øydvin  
Fjellopsyn Aurland fjellstyre



# Villreinutvalet for Nordfjella

## SAMJAKTAVTALE FOR 2021 mellom FJELLSTYRA og private jaktfelt i sone 2, Nordfjella villreinområde

Mellom fjellstyra i Hol, Aurland og Ulvik er det inngått slik SAMJAKTAVTALE for villreinjakta i sone 2 (området mellom fv 50 og vassdraget langs Bergensbana) Nordfjella villreinområde for 2020. Avtalen kan utvidast til også å gjelda for private jaktfelt, som ved feltansvarleg si underskrift aksepterer dei rettar og plikter som er nedfelt i avtalen.

Avtalen gjeld for jegerar som har fått utsteda kontrollkort for dei statsallmenningar og kommunale eigedomar som fjellstyra har forvaltingsansvar for innan Nordfjella villreinområde. Avtalen gjeld og for jegerar som har fått utsteda kontrollkort for private jaktfelt som er med i avtalen.

Samjaktavtalen omfattar ikkje kontrollkort som er utsteda til jaktfelt som ikkje har slutta seg til avtalen innan den gjeldande fristen.

Avtalen gjeld f.o.m. ...**30/8**..... og ut jakta, dersom ikkje annan dato er fastsett for for det einskilde tilslutta jaktfelt (sjå side 2).

1. For tilslutta jaktfelt i Aurland, Hol og Ulvik gjeld avtalen alle dagar frå og med den datoen avtalen trer i kraft. I denne perioden er det samjakt mellom allmenningar, kommunale eigedomar og private felt som vert omfatta av avtalen.
2. Jegerar som nyttar seg av denne avtalen plikter å syna "god jegerskikk" og ta omsyn til andre jegerar i området, og ikkje øydeleggja for pågåande jakt. Dersom det er mogeleg, bør jegeren **gje seg til kjenne** på jaktsambandet, eller på annan eigna måte.
3. Jegerar som nyttar denne samjaktavtalen pliktar å ha med seg valdkartet for Nordfjella og vera godt orientert om aktuelle jaktfeltgrenser.
4. Brot på reglane i avtalen vert rekna som ulovleg jakt, og jegeren vil bli meld og kan bli straffa.

For private felt som ynskjer å melda seg inn i avtalen, må innmeldinga skje innan den **1. juli**.

**Alle jegerar vert på det sterkaste oppmoda om å bruka klede- eller hovudplagg med signalfarge!**

**Tilslutta statsallmenningar i Nordfjella:**

Avtalen  
Hol, gjeld frå 30/8 Henny B. Lesau for Hol fjellstyre tlf:  
Aurland, gjeld frå 30/8 Sigurd Vilasjø for Aurland fjellstyre tlf: 99452918  
Ulvik, gjeld frå 30/8 Stig Y. Olsen for Ulvik fjellstyre tlf: 480 95 710

Oppsynsleiar's tlf: 995 67 650

**Følgjande private jaktfelt i NF sluttar seg fullt og heilt til ovannemnde gjensidige avtale:**

Hol:	ALLE FELT, MED UNNATAK AV NF 357 A, ER MED.
Aurland:	ALLE FELT ER MED.
Ulvik:	HALLINGSKEID - OSA SAMEIGE - ER MED.



Håkon Øydvin

Trondheim, 17.08.2021

Dykkar ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
2021/9302

Sakshandsamar:  
Kai Børge Amdal

## Aurland fjellstyre gis dispensasjon frå bestemningar om jaktlag

Miljødirektoratet gjev Aurland fjellstyre dispensasjon frå bestemningar om jaktlag ved jakt på villrein i forskrift om jakt felling, fangst og fiske i statsallmenning.

### Vedtak

Aurland fjellstyre gis dispensasjon frå § 10 i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning om bestemningar om jaktlag ved jakt på villrein, slik at tildelt fellingsløyve bæres av den som til ein kvar tid er ansvarleg for jaktlaget. Dispensasjonen gis for å sikre høgst mogleg uttak av villrein i Nordfjella i samband med skrantesjuka, CWD.

Den som er ansvarleg for jaktlaget den einkilde dag er også ansvarleg for at det tas skrantesjuka-prøve dersom dyret er eldre enn kalv, og at opplysningar om dyret, og merkelappnummer, registrerast i appen Sett og skutt eller i Hjorteviltregisteret.

Dispensasjonen gis til 31.12.2022.

### Søknaden

Aurland fjellstyre har søkt om dispensasjon frå bestemminga om at det er den som har fått tildelt fellingsløyve, som skal bære dette under jakta. Fjellstyret ønsker at det er den som til ein kvar tid er ansvarleg for laget som skal bære denne, då dette vil vere meir fleksibelt og vil kunne gje ei meir effektiv jakt. Ein fleksibel løysing vil kunne auke uttaket av villrein, noko som er ønskeleg i område med skrantesjuka.

### Regelverk

Bestemningar om jaktlag ved villreinjakt er regulerte i forskrift om jakt felling, fangst og fiske i statsallmenning § 10. Her går det fram at det kan tillast at det skipast jaktlag om ein eller fleire av deltakarane har fått tildelt fellingsløyve. Den av deltakarane i jaktlaget som har fått tildelt fellingsløyva skal bære denne under jakta.

Miljødirektoratet kan etter § 21 i særlege tilfelle dispensera frå bestemmingane i denne forskrifta.

---

**Postadresse:** Postboks 5672, Torgarden, 7485 Trondheim | **Telefon:** 73 58 05 00  
**E-post:** post@miljodir.no | **Internett:** www.miljodirektoratet.no | **Organisasjonsnummer:** 999 601 391  
**Besøksadresser:** Brattørkaia 15, 7010 Trondheim | Grensesvingen 7, 0661 Oslo



### **Miljødirektoratets vurderingar**

Det søkast om dispensasjon frå bestemminga om kven i jaktlaget som skal bære fellingsløyve under jakta, slik at deltakarane på laget kan jakte på dei tildelte dyra uavhengig av kven som deltek den einskilde dag. Om det er den som har fått tildelt fellingsløyva som til ein kvar tid skal ha denne med på jakt, vil det seie at jaktlaget ikkje kan jakte om vedkommande ikkje er med. Dette vil gjere at jakta ikkje blir så effektiv som det er ønskjeleg at den er. Sidan fjellstyret uansett godkjenner jaktlaget, og har oversikt over kven som deltek og kva dyr laget kan felle, vurderer Miljødirektoratet at det er god grunn til å gje slik dispensasjon. Situasjonen med skrantesjuka kan sjås på som eit særleg tilfelle, og så lenge den som til ein kvar tid er ansvarleg for jaktlaget har fellingsløyva med under jakta, vil dette kunne kontrollerast på ein god måte av oppsynet.

### **Klagerett**

Du kan klage på vedtaket, jf. forvaltningsloven kap. VI. Fristen for å klage er tre eker frå du har motteke brevet. Klagen sendast til Miljødirektoratet.

Helsing  
Miljødirektoratet

*Dette dokumentet er elektronisk godkjend*

Erik Lund  
fung. seksjonsleder

Kai Børge Amdal  
seniorrådgiver